

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus Møterom Føretaksleing 6.etg.
MØTETIDSPUNKT: 29.01.16, KL. 09.00-13.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem deltok via LYNC
Liv Kari Eskeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem

FORFALL FRA STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomisjef
Laila Nemeth	Prosjektdirektør Bygg Haugesund 2020

SAKLISTE**UNDERLAG**

Sak 001/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 002/16	Godkjenning av protokoll 21.12.15	Vedlagt
Sak 003/16	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 005/16	Risikorapportering ved årslutt 2015	Vedlagt
Sak 006/16	Årleg melding Helse Fonna HF 2015	Vedlagt
Sak 007/16	Særavtale til tenesteavtale nr.4 om kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod	Vedlagt
Saker til orientering:		
Sak 004/16	Konseptrapport Haugesund sjukehus	Vedlagt
Sak 008/16	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Sak 001/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 002/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 21.12.16**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 21.12.15

Sak 003/16 Administrerende direktør si orientering**1. Status kvalitet og økonomi**

Administrerende direktør orienterte om at tal fristbrot i Helse Fonna er redusert i forhold til desember 2015. Det har vært en god utvikling gjennom året 2015. Ventetida er pr. 29.01.16 56 dagar. Tal korridorpatientar varierer. Regnskapet er ikkje lukka. Prognosen for 2015 er pr. dags dato satt til 38,5 millionar kroner.

2. Riving av bustader

Administrerende direktør orienterte om at det er planlagt å rive to bustadar ved Valen sjukehus.

3. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrerende direktør orienterte.

4. Oversikt over høyringar

Viste til notat

5. Utvikling personellkategoriar

Viste til notat

6. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav

Vedlagt

Vedtak [samrøystes]

Styret tok meldingane til orientering

Sak 004/16 Konseptrapport Haugesund sjukehus Oppsummering

Administrerende direktør innleia med å takke alle som har delteke i prosessen «Bygg Haugesund 2020». Det er eit stort stykke arbeid som er utført og prosessen er framfor oppsett tidsplan.

Prosjektdirektør Laila Nemeth leia gjennomgangen av Konseptrapport Helse Fonna HF , Haugesund sjukehus.

Konsulentane Anne Poulsen frå OEC, Michael Ramm Østgaard frå Momentum arkitekter og Kaare Kleven frå Sweco hadde ei gjennomgang av rapporten kapittel for kapittel, og svarte ut spørsmål undervegs.

Styret diskuterte rapporten og prosessen. Konsulentane svarte ut spørsmål om mellom anna befolkningsframskriving (SSB) og implementering av IKT i prosjektet. Styret påpeika viktigheita av

formelle drøftingar med tillitsvalde i prosessen.

Styret la vekt på medarbeidarinvolvering og at usikkerhet og risikoanalyser blir følgt tett opp i den vidare prosessen. Prosjektet må forankrast i heile føretaket.

Administrerende direktør gjorde greie for vidare prosess, endeleg konseptrapport er tenkt lagt fram for styret for avgjerd i april 2016.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar konseptrapporten til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende konseptrapporten til ekstern kvalitetssikring (KSK) før endeleg handsaming

Sak 005/16 Risikorapportering ved årslutt 2015

Oppsummering

Føretaksgruppa i Helse Vest har etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument sidan 2009 gjennomført regelmessig systematisk overordna risikostyring. Risikostyringa er gjennomført i tråd med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest som blei utforma i 2008, og som har blitt revidert årleg etter dette.

Styret i Helse Vest RHF vedtok 04.02.15 i sak 9/15 tre felles styringsmål med delmål for risikostyring for sjukehusføretaka i Helse Vest for 2015. Det første styringsmålet er definert med utgangspunkt i Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2017, der målet er å halvere talet på skadar som kan unngåast innan 2017. Styringsmål nummer to er definert med utgangspunkt i forventna satsing på rus og psykisk helsevern. Styringsmål nummer tre er definert med bakgrunn i føringar i oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet og protokoll frå føretaksmøtet 2015, om redusert venting på helsehjelp og auka effektivitet i sjukehusa.

Dei styringsmåla som Helse Fonna har valt i tillegg er:

- 1 Pasientar skal ha tilgang til diagnostikk, behandling og omsorg av høg kvalitet
- 2 Helse Fonna skal halde budsjettet for 2015
- 3 Arbeidstakar skal så langt som råd, vere verna mot vald, truslar og uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre

Ved årsslutt 2015 er det 9 risikoelement i grøn sone, 19 risikoelement i gul sone og 1 risikoelement i raud sone. Av 29 risikoelement har 13 risikoelement redusert risiko, 14 risikoelement same risiko og 2 risikoelement auka risiko sidan førre rapportering.

Dei to risikoelementa som har auka risiko sidan førre rapportering er:

2.4.4 A Aktivitetsvekst er høgare innanfor somatikk enn psykiatri og rus

2.4.4 B Det er høgare årsverk vekst innanfor somatikk enn innanfor psykiatri og rus.

Det er rapportert til eigar i årleg melding om føretakets arbeid med risikostyring.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar risikorapportering ved årsslutt 2015 til etterretning.

Sak 006/16 Årleg melding Helse Fonna HF 2015

Oppsummering

Helseføretaka skal sende ei årleg melding til Helse Vest RHF. Denne meldinga skal vere eit underlag for Helse Vest RHF si melding til Helse- og sosialdepartementet. Det skal rapporterast på alle krav i styringsdokumentet. På bakgrunn av styringsdokumentet sender Helse Vest RHF ut ein mal som gjer grunnlag for utforminga av årleg melding.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF godkjenner årleg melding 2015 med dei endringane som framkom i møtet.

Sak 007/16 Særavtale til tenesteavtale nr.4 om kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod

Oppsummering

Saken gjeld godkjenning av særavtale knytt til tenesteavtale 4, «*Avtale om kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp*» med Tysnes kommune.

Kommunar og regionale helseføretak pliktar å inngå samarbeidsavtalar som skal sikre at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og spesialisthelsetenestelova § 2-1 e. Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 7.12.2011 å delegere til helseføretaka å inngå avtalar og vere part i desse. Helse Fonna HF har inngått 12 tenesteavtalar med kvar av kommunane i opptaksområdet. Avtalane vart handsama av styret i sak 05.12 og sak 51.12. Samarbeidsavtalane utgjer rammene og grunnlaget for vidare samhandlinga mellom kommunale helse- og omsorgstenester og Helse Fonna HF.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner særavtale knytt til tenesteavtale nr. 4 om kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbud i tråd med framlegget for Tysnes kommune.
2. Styret gir administrerende direktør fullmakt til å signere avtalen etter styregodkjenning.
3. Signert avtale skal sendast Helse Vest RHF.

Sak 008/16 Eventuelt

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Årsplan 2016 for styret i Helse Fonna HF
- Fråsegn frå Odda kommunestyre 17.desember 2015 om evaluering av Folgefonn DPS
- Fråsegn frå Odda kommunestyre 17.12.15: Hald oppe medisinsk og kirurgisk akuttberedskap ved Odda Sjukehus !
- Uttale: Hardangerrådet vil sikra lokalsjukehusa i distrikta og krev at Odda sjukehus vert oppretthalde med akuttkirurgi.
- Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 21.09.15
- Brev frå Klagenemda for offentlige anskaffelser. Avvisningsbeslutning i klagesak.
- Brev frå Helse Vest datert 16.12.15 Reduksjon av driftskredittramma som følgje av redusert pensjonspremie
- Brev frå Helse Vest datert 18.12.15 Omgrupperingsproposisjon – utbetaling av midler
- Brev frå Helse Vest datert 04.01.16 Langtidsbudsjett 2017 - 2021

Ref. Ingebjørg Kismul

04.02.2016

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem